

NotatDato: 30.09.2017
Arkivsak: 2017/15814-2
Saksbehandlar: hanglop1

Til:	Fylkestinget
Frå:	Fylkesordførar

Svar på spørsmål til fylkestinget 3. oktober 2017 - Breibanddekning i fylket

Rapporten «*Bredbåndsdekning 2017*», som er utarbeidd for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM) i september 2017, viser at rundt 99,98 % av norske husstandar og verksemder har tilbod om eit grunnleggjande breiband med minst 4 Mbit/s nedstraums kapasitet. Færre enn 1000 husstandar på landsbasis manglar eit slikt tilbod. I kartlegginga til NKOM går det fram at dei «*kvite områda*» i Hordaland ligg i Masfjorden kommune. Den 8. september 2017 fekk denne kommunen seks mill. kroner i tilskot frå NKOM for å byggja ut breiband i dei områda som manglar dekning i dag.

Nordhordland var fram til 2013 den regionen som hadde dårlegast dekning i Hordaland, men NKOM si tilskotsordning har bidrege til å retta opp i dette. Dei siste fire åra har det vore gjeve til saman 29,8 millionar kroner i tilskot til kommunane Austrheim, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy. Fylkesutvalet vedtok i mars i år (PS 84/2017) å tildela til saman tre millionar kroner til fire ulike utbyggingsprosjekt i kommunane Masfjorden, Samnanger og Vaksdal.

Skilnaden mellom det som vert definert som grunnleggjande breiband med minst 4 Mbit/s nedstraums kapasitet, og den breibanddekninga som innbyggjarar og verksemder treng i dagleglivet er likevel stor. I «*Meld. St. 27 (2015–2016) Digital agenda for Norge — IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet*» (Ekoplanen), som fekk full tilslutning frå Stortinget 29. november 2016, er det talfesta eit mål om at 90 prosent av husstandane i Norge skal ha tilbod om minst 100 Mbit/s innan 2020.

På landsbasis har allereie 80 prosent av husstandane dekning på dette nivået. I Oslo er andelen 98 %, medan den i Hordaland er 84 prosent. Vårt fylke ligg på fjerde plass, bak Oslo, Akershus og Rogaland. Kartlegginga til NKOM viser at det er kommunane i Hardanger som er lengst unna å nå dette målet. Nokre av desse stadane er ikkje tilgjengeleg for fiberbasert breiband, men når nye frekvensar i 700 MHz-bandet skal auksjonast ut innan 2018 vil dette sikra mobilt breiband med høg kapasitet også i grisingrende strøk.

Den største utfordringa for Hordaland i dag når det gjeld digital infrastruktur, er manglande kjernenett langs Vestlandet, og mellom Bergen og Oslo. Det manglar også alternative føringsveggar ut av landet. Begge delar vert det jobba med i administrasjonen, og det er varsla politisk sak som omhandlar dette i fylkesutvalet 26. oktober 2017.

Når det gjeld det juridiske ansvaret, så er det pr. i dag ikkje leveringsplikt på breibandtenester. Dette betyr at ingen nettoperatarar kan påleggjast å levera breiband på stader der dei ikkje ønsker å byggja ut. Tilskotsordninga til NKOM, supplert med midlane frå Hordaland fylkeskommune, er derfor meint å vera eit verkemiddel for å gje eit godt breibandtilbed der marknaden ikkje fungerer.